

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Terje Søviknes (FRP)** sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune går attende til ein modell med fritt skuleval i heile Vestland, og ber kommunedirektøren om å leggja fram sak om dette for

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V og KRF fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Tillegg i pkt.6 i innstillinga:

Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling (jmfr. forslag til endring i §5 i lokal forskrift) og fylkestinget ber administrasjonen finne gode løysingar for dei elevane det gjeld.

2. Tillegg inn som pkt. 7 i innstillinga

Endring i §5 i inntaksforskrifta:

Inntaksforskrifta §5 Oppflytting Vg 2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram vert endra med at setningen «Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.» vert stroken i pkt (1) og i pkt (2)

Det vert lagt til eit nytt punkt (3) med slik formulering:

Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling på vg2.

3. Pkt 7 i innstillinga vert endra til pkt 8

### Avrøysting

*Det var 63 representantar til stades*

Søviknes sitt forslag fekk 19 røyster (FRP, H, PP) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 19 røyster (FRP, H, PP).

Berthelsen sitt forslag vart vedteke mot 19 røyster (FRP, H, PP).

### Vedtak

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».
2. Fylkestinget viser til Hurdalsplattformen der det blir slått fast at fylkeskommunane sjølve skal avgjere modell for opptak til vidaregåande opplæring i eige fylke. Utvalet ønskjer difor å vidareføre dagens 8 inntaksområde med tilhøyrande matriser.
3. Fylkestinget viser til ynemda sitt vedtak og støtter opp om at nærskulemodellen jamnleg må evalueraast for å sikre at modellen fungerar på best mogleg måte. Utvalet ønskjer å opne for ei større evaluering av modellen og inndelinga i inntaksområde på eit seinare tidspunkt og er oppteken av at det då skal være ei brei høyring. Evalueringa må også vise konsekvensen av nærskulemodellen for dei elevane som uansett må flytte på hybel.
4. Utdanningsprogrammet naturbruk vert ikkje tatt inn i nærskulemodellen.
5. Utdanningsprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama vert tatt ut av nærskulemodellen. Tilboda vert då ikkje bunde opp til sokaren sitt inntaksområde og ungdommane kan fritt søke til den skulen som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.
6. Elevane skal fortsett ha rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram. Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er

på utveksling (jmfr. forslag til endring i §5 i lokal forskrift) og fylkestinget ber administrasjonen finne gode løysingar for dei elevane det gjeld.

7. Endring i §5 i inntaksforskrifta:

Inntaksforskrifta §5 Oppflytting Vg 2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram vert endra med at setninga «Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.» vert stroken i pkt (1) og i pkt (2)

Det vert lagt til eit nytt punkt (3) med slik formulering:

Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling på vg2.

8. Fylkestinget tek til etterretning at informasjonsformidlinga om nærskulemodellen ikkje har vore god nok og peikar på at god nok informasjon og kommunikasjon er viktig for å sikre at inntaksmodellen fungerer slik den skal. Fylkestinget ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgjevingstenesta i ungdomsskulen, fylkeskommunen og arbeidsliv for å sikre at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.